

Mosesamling på Haugalandet 19-21. oktober 2018.

Moseprosjektet som vart starta på Haugalandet i 2015, er framleis like aktuelt og me planlegg også samling i 2018. Tidlegare har me hatt to samlingar i året, men det vart litt travelt viss ein skulle vera med på alle gode tilbud innan botanikkens interessante område. Difor vert det i 2018 berre helga 19-21. oktober at det vert organisert ei felles mosesamling på Haugalandet. Lokalitetane er ikkje heilt bestemt endå, men det vert truleg i Vikebygd/Bjoa-området i Vindafjord kommune. Me satsar på overnatting og servering på Westcon slik me hadde på første overnattingsamlinga i 2015.



1 *Blanksigdmose*. Foto: Asbjørn Erdal

Samlingane har vist at det er ein lang veg å gå før ein har tileigna seg nok artskunnskap til å gjera ei god kartlegging av mosefloraen. Vidare viser samlingane at det er ein ukjend, men interessant moseflora i området. Målet som me sette for prosjektet er difor like aktuell:

1. Auka den generelle artskunnskapen om mose
2. Kartleggja mosefloraen i område som er dårleg kartlagt frå før

Moseprosjektet på Haugalandet er ein del av Rogaland botaniske forening sine aktivitetar, men prosjektet er ope for alle som har interesse for det. Dei som vil vita meir om tidlegare samlingar, kan ta kontakt og me sender rapportar om dei aktuelle samlingane. Rapportane ligg og på SABIMA si heimeside.



2 *Storkransmose*. Foto: Asbjørn Erdal

Tidlegare samlingar har vist oss at artsmangfaldet til ei viss grad overmannar oss. Difor vil me på denne samlinga dela oss i to grupper – ei for nybegynnarar og ei for meir «vidarekomne». Nybegynnargruppa kjem til å ha mest fokus på læring med litt kortare økter i felt. Då kan det verta meir tid med lupar og mikroskop, slik at me får god tid til å studera kjenneteikna til dei ulike mosane og «fordøya» all ny kunnskap. Dei «vidarekomne» vil leita etter og kartleggja mose på same måten som me har gjort på tidlegare samlingar.

Me sender ut meir informasjon til dei påmelde om frammøtestad, overnatting m.m. i god tid før samlinga. I denne omgang er det viktig at helga vert sett av i kalenderen. Me ønskjer sjølvsagt å få påmelding snarast råd

og seinast 14 dagar før samlinga. Me treng påmeldingane så tidleg som mulig for å kunna organisera overnatting og andre praktiske ting.

Me har vore heldige og får med oss Torbjørn Høitomt, som er ein svært mosekyndige person, på samlinga. Han vil hjelpa oss med artsbestemming både i felt og gjennom lupa.

Samlinga vert lagd opp med tur på utvalde lokalitetar. Etter å ha sett mosen i felt og tatt belegg av dei ein ikkje kjenner godt, vert det ei økt innomhus med lupar m.m. for artsbestemming og overføring av artskunnskap.

Prosjektet har tidlegare fått støtte frå SABIMA. Me søker også om dette i år. Dette tilskotet forpliktar oss til å laga ein rapport etter samlingane. Vidare skal funna verta gjort tilgjengeleg for ålmenta gjennom registrering på artsobservasjonar. Det skal og takast belegg til samlingane for usikre funn og funn som bør dokumenterast. Prosjektet skal så langt det er mulig dekkja kostnadar med mat, overnatting og køyregodtgjersle i felt. Me skal ordna mat og overnatting på ein rimeleg måte, men kjem likevel ikkje utanom ein eigenandel. I 2017 var denne satsen 1.000 for ei helgesamling. Prisar er avhengig av kor mange me blir og det kan verta endringar her.

Me ønskjer alle velkomne – både ferske nybyrjarar og dei som er litt meir vidarekomne.

For meir opplysingar og påmelding kontakt: Lars Dalen, tlf 9828 6826 evt mail lars@omega.no eller Asbjørn Erdal tlf 9111 3188 evt mail aerd@statoil.com

Send påmelding innen 7. september.

Hvis det er ledige plasser etter den datoen, går invitasjonen videre til Moseklubben også.

Med helsing for moseprosjektet på Haugalandet

Lars Dalen